

# FOLKEHELSEPLANEN 2015-2019



**Plan mot barnefattigdom**  
**Vedtatt 26.02.2015**

## **Innhald:**

1.	Innleiing .....	2
2.	Statlige føringar .....	2
3.	Lokale føringar.....	2
4.	Fattigdom .....	3
4.1	Fattigdomsomgrepet.....	3
4.2	Konsekvens av fattigdom .....	3
5.	Dagens situasjon.....	4
5.1	Fattigdom i Noreg.....	4
5.2	Fattigdom i Hå kommune .....	5
6.	Tiltaksplan – vurderingar, målsetning .....	7
6.1	Statlege tiltak.....	7
6.2	Fylkesmannens tiltak .....	8
6.3	Kommunale tiltak .....	8
7.	Tiltaksoversikt.....	9
8.	Anbefalte tiltak.....	18
	Kjelder: .....	19

## **1. Innleiing**

I 2009 la FAFO (Institutt for arbeidslivs- og velferdsforsking) fram rapporten *Barnefattigdom i Noreg. Omfang, utvikling og geografisk variasjonar*. Rapporten viser til ei drastisk auke i barnefattigdom i Noreg i tidsrommet 2000-2006

Frå 2002 til 2012 auka den delen av born som lev i *familiar med låg inntekt* frå 5 til 8 %. Det tilsvara 78.000 born.

Å vekse opp i ein familie med låg inntekt er utfordrande. Barn som veks opp i familiar med låg inntekt, vil ofte oppleva verta sosialt ekskludert ved at dei ikkje har moglegheit til å delta på aktivitetar der deltakar sjølv må betala. Forsking viser at barn som veks opp i familiar med låg inntekt har større moglegheit for sjølv å oppleva låg inntekt i vaksen alder.

## **2. Statlige føringer**

Både i *Tiltaksplan mot fattigdom* (St.meld. nr 6 (2002-2003) og *Handlingsplan mot fattigdom* (2006) vert barn og unge teke opp som viktige satsingsområder i kampen mot fattigdom.

Her vert det peika på at fattigdom kan føra til sosial eksklusjon i oppveksten, og at barn som veks opp i fattige familiar har høgare risiko for sjølve å bli fattige som vaksne (Arbeids- og inkluderingsdepartementet 2006).

Den særlege innsatsen mot fattigdom er knytt til tre delmål i handlingsplanen til staten, delmåla er referert her:

- Alle skal ha muligkeit til å komme seg i arbeid.
- Alle barn og unge skal kunne delta og utvikla seg.
- Betre levekåra for dei mest vanskeligstilte.

FNs barnekonvensjon, med tilleggsprotokoll, vart inkorporerte i norsk lov i 2003. FNs barnekonvensjon vart dermed ein del av norsk lovgivinga, og ved motstrid skal FNs barnekonvensjon gå føre annan lovgiving (Smith 2008:23-24). Artikkel 27, som handlar om retten til barn til ein adekvat levestandard, og artikkel 31, som handlar om retten til barn til fritid og leik, er spesielt relevante i denne planen.

## **3. Lokale føringer**

Hå kommune sin visjon er «Gode levekår og berekraftig utvikling». Vidare vil kommunen arbeide for å oppnå mellom anna, gode oppvekstmiljø for barn og unge.

Hovudmålet til Hå kommune når det gjeldt barn og unge er «I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gje borna ein god barndom».

Delmåla er:

Barn skal i dei første leveåra få eit godt grunnlag for ei positiv utvikling.

Barn og unge skal ha trygge oppvekstvilkår.

Barn og ungdom med særskilde vanskar skal få tilstrekkeleg hjelp.

Satsa på førebyggjande helsevern blant barn og ungdom.

Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

I kommuneplanen sin målsettingsdel fokuserer ein på desse tilhøva når det gjeld gode levevilkår: å ha arbeid, ein plass å bu, godt oppvekstmiljø, felles kulturverdiar, omsorg for kvarandre, miljøvern, universell utforming og sosiale nettverk.

## 4. Fattigdom

### 4.1 Fattigdomsomgrepet

I industriland er det vanleg å bruka ein *relativ* definisjon av fattigdom. Her vert fattigdom oppfatta som det å ikkje kunne halda fylgle med inntektsnivået eller levestandarden til andre i samfunnet. «Personar som har betydeleg lågare inntekt eller dårlegare levekår enn andre i samfunnet, blir då definert som fattig» (Nadim og Nielsen 2009:13). I eit slikt perspektiv vil fattigdom auke om enkelte vert hengande etter i ein velstandsauke som dei fleste andre får del i, utan at dei fattige får det dårligare i absolutt forstand (Hagen og Lødemel 2003:213).

Medianinntekt er det mest brukte målet – som SSB også baserer desse tala på. Dei som reknast som fattige, er dei hushaldningane som har 60 prosent eller mindre av medianinntekta.

Grensa for låg inntekt er då: for ein hushaldning beståande av eit par med to barn: 392.000 kroner i året. For ein einsleg forsørgjar med to barn: 299.000 kroner i året. For å verta definert som fattig, eller med vedvarande låg inntekt som SSB kallar det, må den samla inntekta for hushaldninga i ein periode på 3 år liggja lågare enn den gjennomsnittlege låg inntektsgrensa for dei same åra (kjelde: SSB). Omgrepet *barnefattigdom* vil vidare i teksten verta avgrensa til barn som bur i desse hushaldningane.

### 4.2 Konsekvens av fattigdom

Det er ein samanheng mellom økonomisk fattigdom og sosial eksklusjon. Studiar gjennomførd både internasjonalt og i Noreg syner at låg inntekt og mangel på forbruksgodar, aukar risikoen for at barn vert sosialt isolert og kjensle av å vera einsam. Når økonomien er dårleg vil det særleg over tid verte vanskeleg å delta i aktivitetar som kostar pengar, oppretthalde eit forbruk på same nivå som venner, eller reisa på feriar. Det er viktig for barn sin medrekning at tilhøva vert lagde til rette for at barn og unge kan delta i rimeleg grad (Backe-Hansen 2006:20-21).

Forsking gjort i Noreg fann at ungdom som sjølv definerer familieøkonomien som därleg i mindre grad deltek på skule- og fritidsaktivitetar, dei opplever ofte å ikkje ha faste venner og føle seg ofte einsame, mobba og upopulære (Halvorsen 2011:50). Det er ikkje til å unngå at barn og unge frå familiar med därleg økonomi har mindre moglighet enn andre. Dette er særleg tilfelle når den därlege økonomien held fram over fleire år og familien ikkje har eit støttande nettverk (Backe-Hansen 2006:21). Det er ikkje eit mål å forfekte at alle skal ha eit like høgt forbruk, men tilhøve bør likevel leggjast til rette for at deltaking i sosiale samanhengar vert mogleg, for på den måten førebyggje sosial eksklusjon.

Å førebyggje sosial eksklusjon handlar om å la barn ha høve til å delta. Positive opplevingar gjennom å kunne delta, kan motverke risikoane som er knytte til fattigdom (ibid).

Å meistre eit utdanningsløp er viktig for barn og framtida til unge. Ein trygg og god skulegang, fri for sosial ekskludering, vil leie til at fleire unge kan fullføre vidaregåande skule, få seg jobb og bryte den sosiale arven.

Både internasjonale og norske studium har vist at låg inntekt, eller manglande inntekt i barndomsåra, aukar sjansane for fattigdom og sosialhjelps mottakar som voksen. I Noreg kjem det fram at barn som har vakse opp med fattige foreldre har 10 gonger så høg risiko for å ta i mot sosialhjelp i voksen alder, samanlikna med barn som veks opp utan økonomiske problem. Det er knytt ein del usikkerheit til i kva grad effektane av manglande økonomiske ressursar heng direkte saman, eller om den sosiale arven er knytt til annan levekårs problematikk (Halvorsen,Lasen, Lorentzen, Oppedal og Seim 2011:173-174).

## 5. Dagens situasjon

### 5.1 Fattigdom i Noreg

Tall frå Statistisk sentralbyrå viser at stadig fleire norske barn og unge lever i fattigdom. I 2012 var det 78200, ein auke på 4300 på eitt år, noko som tilsvara 8 % av alle nordmenn under 18 år. Det vil seie nesten eitt av ti barn.

Fattigdom er ikkje jamt fordelte i befolkninga. Forsking viser at einskilde grupper er meir utsett enn andre. Følgjande barn har størst risiko for å oppleve fattigdom:

- Barn med forsytarar som ikkje deltek i arbeidslivet. Barn i familiar der berre ein eller ingen av forsytarane er i arbeid, og der familiene er avhengig av trygdeyting og sosialhjelp.
- Barn med ein forsytar. Barn i familiar med berre ein forsytar har nærmere 2,5 gonger så stor sjanse for å falle under kategorien fattige, enn barn med to forsytarar. Barn av einslege mødrer er spesielt utsatte for å oppleve fattigdom.

- Barn i familiar med meir enn tre born. Høgt mengd barn i husstanden aukar òg sjanse for å hamne i gruppa med låg inntekt. Dei siste åra har denne samanhengen vorte tydelegare.
- Barn med innvandrar bakgrunn. Desse er overrepresentert i gruppa med låg inntekt (Herud og Naper 2012:25 og Nadim og Nielsen 2009:23).

Ser ein på medianinntekta etter skatt for alle hushaldninger var Rogaland og Akershus dei fylka i Norge med høgast medianinntekt i 2010. Akershus ligg øvst med ei medianinntekt på kroner 465 100. I Norge er den samla medianinntekt på kroner 411 000. Dersom fattigdomsvurderinga vart gjort ut frå Rogaland si medianinntekt, som ligg 54 100 kroner over landsgjennomsnittet, ville ein få ei auke i talet på fattige barn i Rogaland ([www.ssb.no](http://www.ssb.no))


Med utgangspunkt i dei høge løningane har og kostnadsnivået i regionen gått opp. Rogaland har eit pressa marknad med tanke på leige og kjøp av bustad. Noko av grunnen kan sjåast i samanheng med det aktive næringslivet i regionen, da spesielt innan oljesektoren. Det auka kostnadsnivået er ekstra utfordrande for dei med låg inntekt.

## **5.2 Fattigdom i Hå kommune**

Hå har relativ låg andel sosiale problem sett ut frå landsgjennomsnittet. I berekning av utgiftsbehov i forhold til dei statlege rammetilskotta i 2014 (utgiftsutjamnings tilskott) blir kommunen trekt på fleire av postane som handlar om sosiale forhold. Dette tyder på at kommunen ligg under landsgjennomsnittet på enkelte av postane og får difor trekk i rammetilskotta. Hå vert mellom anna trekt for:

- *barn 0-15 år med einslige forsytarar*
- *fattige*
- *uføre 18-49 år*
- *oppføringsindeks*

For dei ovanfor nemnde postane blir Hå kommune trekt kr. 22 430 000 i 2014.



Som tabellen over viser har Hå hatt auke på familiar med låg inntekt (under medianintekt EU-skala 60%), bortsett frå ein liten nedgang frå 2009 til 2010.

Befolkningsveksten har vore spesielt høg dei siste 6 åra. Det skuldast i hovudsak høg nettoinnflytting og auke i fødselsoverskotet. Frå 1. januar 2007 til 31. desember 2012 auka folketalet med 2563 personar. Befolkningsveksten tilsvrar 2,8 prosent eller gjennomsnittlig 427 personer i året. (Økonomiplan 2014-2017)

Sum of Antal Kolor														
Radetikett	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013 Totalsum
0 år	217	217	224	223	244	222	236	260	275	301	286	312	284	269 3570
1-2 år	446	445	468	467	455	481	472	473	510	546	569	584	608	601 7125
3-5 år	711	746	721	710	703	720	711	715	730	740	751	810	883	902 10553
6-12 år	1604	1598	1634	1689	1735	1730	1722	1726	1750	1733	1755	1728	1743	1796 23943
13-15 år	670	701	719	706	692	674	714	728	736	762	786	819	790	779 10276
16-19 år	871	842	864	883	930	964	934	942	939	951	1013	999	1042	1060 13234
20-44 år	4966	5021	5073	5092	5137	5108	5156	5369	5597	5737	5911	6122	6272	6445 77006
45-66 år	3049	3156	3237	3330	3401	3488	3584	3650	3814	3935	4038	4117	4185	4307 51291
67-79 år	967	949	951	939	953	960	984	1008	1028	1068	1131	1171	1235	1305 14649
80-89 år	434	438	437	450	445	447	466	472	472	466	474	462	456	454 6373
90+ år	82	90	89	81	89	89	93	95	98	103	108	120	137	137 1411
Totalsum	14017	14203	14417	14570	14784	14883	15072	15438	15949	16342	16822	17244	17635	18054 219430

Til trass for at kommunen har relativt låg del sosiale problem samanlikna med landsgjennomsnittet, finst det personar i kommunen som har ” (...) betydeleg lågare inntekt eller dårlegare levekår enn andre i samfunnet (...)» (Nadim og Nielsen 2009:13). Desse står i fare for å verte sosial ekskludert, då dei ikkje har økonomi til å kunne delta på det fleirtalet

har høve til. Å vekse opp i ein familie med låg inntekt i eit lokalsamfunn kor det er relativt få sosiale problem kan gjera skilnadane tydligare.

Rekneskapet for 2013 viser ei sterk auke i utgifter til sosialhjelp i 2013. I økonomiplanen for 2014 vert det budsjettet med ei auke på 3,94 mill jamfør med opphavleg budsjett i 2013. Også utgiftene innan Barneverntenesta har auka.

Barneverntenesta rapporterer at det pr i dag er 14 born som mottar støtte grunna fattigdom. Det vert gitt stønad til heilt eller delvis dekning av utgifter til barnehage, SFO og fritidsaktiviteter. Tall frå NAV visar at det for tida er 20 familiar med barn som har økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Dette er familiar med frå 1-6 born i alderen 1-16 år. Størsteparten av desse er familiar, der ein eller begge foreldre er arbeidsledige, evt. har svært låg arbeidsinntekt. Dei aller fleste av desse er familiar med innvandrar bakgrunn. 5 av dei er einslege forsytarar.

I tillegg kjem dei som har status som flyktningar og som er i introduksjonsprogrammet, noen av desse har born.

Det er pr i dag 13 familiar som bur i kommunale bustad, ein familie er på venteliste.

Tal på familiar som har søkt bustønad så langt i år, er 18. I same periode er talet på einslege med born 39.

## 6. Tiltaksplan – vurderingar, målsetning

### 6.1 Statlege tiltak

Sidan 2002 har statlege handlingsplanar mot fattigdom og ulike offentlege utgreiingar problematisert oppvekst og levekår til barn frå familiar med låg inntekt.

Den statlege satsinga mot fattigdom kan delast inn i tre grupper av tiltak:

- Førebyggjande tiltak (eksempelvis utdanningspolitikk, arbeidsmarknadspolitikk).
- Direkte fattigdomsreduserende tiltak (eksempelvis skattpolitikk eller trygdepolitikk)
- Avhjelpende tiltak (eksempelvis tilskottsordningar, helsepolitikk, bustadpolitikk)

Hovudstrategien for å kjempe mot fattigdom er å sikre inntekt gjennom sysselsetjing. Men det finst samstundes deler av befolkninga som ikkje lèt seg sysselsetje i løna arbeid. Det offentlege har eit ansvar for at desse gruppene får eit sømeleg livsgrunnlag. Hovudansvaret for dette ligg hos NAV.

Barnetala i kommunen stig raskt, jf. økonomiplanen. Hå kommune ligg godt over landsgjennomsnittet og høgast av Jærkommunane når det gjeld prosentvis del innbyggjarar i alderen 1 -5 år. Framskrivingane viser at det kan forventast at folketalet vil vere mellom 22 557 i alternativet med lågast befolkningsvekst (LLML) og 25 909 i alternativet med høgast

befolkningsvekst (HHMH) i 2028. I aldersgruppa 0 til 5 år vil vere 1777 (LLML) til 2581 (HHMH) personar i 2028 og i aldersgruppa 6 til 12 år 2177 (LLML) til 2889 (HHMH) personar i 2028. (kjelde: kommuneplanen). Med den aukande befolkninga, kan ein anta at talet på barn som lever i familiar med låg inntekt også vil auke.

Det vert naturleg å fokusere på store hushald, hushald utan tilknyting til arbeidslivet, hushald som tek i mot sosialhjelp, hushald med einslege forsytarar, og hushald med ikkje-vestleg innvandringsbakgrunn, då desse gruppene har vist seg å vere spesielt utsette for fattigdom. Fokuset vil i hovudsak vere på barn og situasjonen til unge i desse hushalda. På kort sikt er det ønskeleg å minimere opplevinga av fattigdom, medan det på lengre sikt er ønskeleg å jobbe for at borna kjem gjennom eit utdanningsløp som kvalifiserer for arbeidsliv. Med tanke på framtidig førebyggjing av fattigdom vil dette vere det viktigaste satsingsområdet.

## **6.2 Fylkesmannens tiltak**

Fylkesmannen skal medverke til opplæring, utvikling, kompetanse og kvalitet i dei sosiale tenestene i Nav og følgje opp økonomisk rådgiving og sosiale tenester som har innverknad på barn og unge. I tillegg forvaltar Fylkesmannen fleire tilskotsordningar. Tilskota er eit ledd i handlingsplanen mot fattigdom, og alle kommunar kan søkje om tilskot. Det er Fylkesmannen og Arbeids- og velferdsdirektoratet (Nav) som vel ut kva for kommunar som skal få tilskot. Formålet med tilskot til tiltak mot barnefattigdom er å førebyggje og redusere fattigdom og sosial eksklusjon blant barn, unge og barnefamiliar som mottek sosialhjelp frå Nav. Gjennom bustadsosialt arbeid skal kommunens tenester styrkast og utviklast slik at dei betre kan ta hand om bustadlause og rusmiddelmisbrukarar som treng oppfølgjing i bustaden.

## **6.3 Kommunale tiltak**

I Hå finn ein fleire verksemder som yt tenester som rør barnefattigdomsproblematikken. Også frivillige og humanitære organisasjoner rør feltet, eksempelvis Røde Kors og Frivillighetssentralen.

NAV er sentral i fattigdomsbekjemping i kommunen. Her vert det mellom anna jobba med å få arbeidslause ut i jobb, trygdeordningar og økonomisk støtte gjennom sosialhjelp og anna utgiftsdekning.

Barnevernstestesta møter denne gruppa barn og unge i deira arbeid. Dei gjev mellom anna rettleiing og økonomisk stønad.

Helsestasjonane møter barn, unge og foreldre, og er i posisjon til å identifisere familiar med spesielle utfordringar.

Familiesenteret møter ein del av desse borna / ungdomane. Dei tilbyr samtalar og rettleiing, samt at dei informera om kva tilbod kommunen kan tilby.

Skule og barnehage: barnehagane har ordningar med graderte satsar og søskenmoderasjon. Dette følgjer av § 3 om moderasjonsordning i ”Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar”. Grunnskulen er staden alle born og unge frå 6 til 16 år har rett og plikt til å vere utan

kostnader knytt til opplæringssituasjon. Opplæringslovens § 2-15 (gratisskule prinsippet) pålegg skulen å organisere og gjennomføre alle aktivitetar knytt til opplæringa i eller utanfor skulen utan kostnader for eleven. Skulesjef og rektor må sjå til at skulen følgjer dette prinsippet uavhengig av budsjettsituasjonen.

Grunnskulen kan likevel vera ein utfordrande arena. Det kan, både frå lærarar, elevar og føresette, oppstår behov og ynskjer som ikkje kan verta innfridde innanfor budsjettstrammene.

Tilsette i barnehagar og skular treff borna i kommunane dagleg og er i ein i ein unik situasjon for å møte og sjå det einskilde barnet.

Introduksjonsprogrammet er òg ein viktig arena for sosial medrekning og er eit ressurssenter med tankar på personar med innvandrarbakgrunn.

SLT er ein samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. I virket deira møter dei mellom annan ungdom som er innanfor målgruppa for dette prosjektet. SLT jobbar mellom anna for at dei ressursane som alt eksisterer vert meir samordna og målretta.

Kommunane driv òg bustadsosialt arbeid for grupper som sjølv ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden

## 7. Tiltaksoversikt

Forslag til tiltak som kjem fram i denne planen vert sortert etter fem strategiar:

Strategi 1. Få folk i arbeid og sikra rimeleg inntekt i familiar med barn (heim).

Strategi 2. Jobba for å inkludera barn og unge sosialt (fritid).

Strategi 3. Jobba for å hindra at barn vert sosialt ekskludert i barnehage og skule.

Strategi 4. Kompetanseheving i kommunen

Strategi 5. Trygg og sikker plass å bu for alle.

### 1. Få folk i arbeid og sikre rimeleg inntekt i familiar med born (heim).

Å leggje til rette for at folk kjem seg i arbeid og syta for seg sjølve og sin familie, er det viktigaste tiltaket for å motarbeida fattigdom. Tidleg tilknyting til arbeidsmarknaden kan vera med å bryta den sosiale arva. Sommar- og deltidsjobbar er og fordelaktig i den forstand at ungdommane får lommepengar.

#### Tiltak som kommunen har pr i dag:

- Nav har innført aktivitetsplikt for mottak av sosial ytinger. Det gjeld både arbeidsledige på sosialhjelp og familiær der den ene er heimeverande og som får sosial ytingar frå Nav. Kommunen stiller med 50 stillingar til dette tiltaket. Vidare har NAV tettare oppfølging av gruppa «unge vaksne», desse er i alder frå 18 -29 år. Det er pr i dag 70 personar i denne gruppa som tek imot ytingar.
- Kvalifiseringsprogrammet: Nav må ha fokus på å få barnefamiliær inn i programmet. I Nav Hå er det styrka med ein 50 % stilling som skal ha hovudfokus på dette.
- Ungdom i arbeid.
- «Småjobbsentral» – Hå har ein småjobbsentral kor ungdom kan melde seg og utførar «små jobbar» for eldre i kommunen. Småjobbsentralen har ope heile året.

Tiltak som andre kommunar, (Time /Klepp) har under dette punktet er:

1. «*Familier med en inntekt over på to» - barnefamiliær inn i kvalifiseringsprogrammet.*
2. «*Få enslige forsørgere uten arbeid i jobb»*
3. «*Tettere oppfølging med unge vaksne»*
4. «*Sommerjobb til ungdom som bor i familier som mottar kommunale ytelser»*
5. «*Jobbtilbud til ungdom gjennom fritidsklubber»*
6. «*Fokus på barn i saksbehandling»*

### **Forslag til tiltak i Hå:**

Einslege forsytarar utan jobb, ut i arbeid:

Målgruppe:	Born av einslege forsytarar
Forklaring og hensikt	NAV ynskjer å ha eit sterkare fokus på å få einslege forsytarar utan tilknyting til arbeidslivet over i jobb.  Målet med tiltaket er å auke inntekta til einslege forsytarar, noko som vil være med å bidra til reduksjon i barnefattigdom.
Tidspunkt/ Varigheit	Kontinuerlig
Ansvarleg verksemnd	NAV
Økonomi	Ordinær drift

Sommarjobb til ungdom som bur i familiar som tek imot kommunale ytingar:

Målgruppe:	Barn (15-18 år) av NAV brukere (dei som mottek kommunale ytelse).
Forklaring og hensikt	<p>Tal frå NAV visar at det pr. i dag er ca. 3 personar som kommer inn under denne målgruppa.</p> <p>Hå kommune øyremerka 3 stillingar i tre veker kvar sommar. Ungdommane vert tipsa om å søkje på stillingane gjennom rettleiar på NAV. Rettleiar legger inn et «godt ord» for søker til den som har tilsetnings ansvaret i kommunen.</p> <p>Stillingane går inn i dei ordinære sommarjobbane som vert lyst ut i kommunen i eit forsøk på å gjere tiltaka minst mogleg stigmatiserande. Hensikta med tiltaket er å gje ungdommane ein tidlig tilknyting til arbeidslivet, i eit forsøk på å bryte den sosiale arven. Tiltaket er også formålstenleg i den forstand at ungdommane får eigne midlar til å kjøpe enkelte ting som foreldra ikkje har moglegheit til å støtte barna med.</p>
Tidspunkt/ Varighet	Sommarferie
Ansvarlig verksemd	NAV
Økonomi	Ordinær drift.

Jobbtilbod til ungdom gjennom fritidsklubb og «småjobbsentralen»

Målgruppe:	Ungdom (15-18 år) som oppheld seg på fritidsklubbar
Forklaring og hensikt	<p>Hå kommune har ein småjobb sentral der ungdom kan melda seg og utføra «småjobbar» for innbyggjarane. Arbeidsoppgåver vil til dømes vere hagearbeid, male hus ol. Aktivitetsleiar for ungdom inngår et samarbeid med småjobb sentralen og ein person vert engasjert i ein mindre stilling om sommaren ved fritidsklubbane for å følgje opp ungdommane.</p> <p>Det må tas hensyn til at ungdommene ikkje har eigne transportmidler.</p> <p>Målet med tiltaket er å sysselsetta ungdom som oppheld seg på ungdomsklubber i løpet av sommaren. Det er ofte skulelei ungdom som oppheld seg på ungdomsklubbane og det vil varta ein god moglegheit til å gje desse ei oppleveling av mestring gjennom praktisk arbeid.</p>
Tidspunkt/ Varighet	Sommarferie
Ansvarlig verksemd	Aktivitetsleiar for ungdom og småjobb sentralen
Økonomi	Ca 50.000. Ein kan søkje om tilskot gjennom «Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom».

## **2. Sosial inkludering av barn og unge (fritid).**

Å leve i fattigdom over tid vil føra til at barn og unge må avstå frå materielle gode, fritidsaktiviteter og sosiale fellesskap. Å verta sosialt inkludert handlar om å ha moglegheit til å delta. I følgje økonomiplanen brukar Hå kommune mindre til aktivitetstilbod til barn og unge enn Klepp og Time, men meir enn landsgjennomsnittet. Hå brukar meir enn Klepp og Time på kulturskule og ligg også over landsgjennomsnittet. Barns rett til ein adekvat levestandard og rett til fritid og leik er lovfesta i barnekonvensjonens artikkel 27 og 31.

Tiltak i økonomiplanen under kultur er: å betre koordinering av førebyggjande ungdomsarbeid gjennom satsing på rus- og kriminalitetsførebygging, etablera «Opplevelseskortet», etablera Lensmannsløa som kulturell møteplass med særleg vekt på aktivitetar for unge. Vidare satsa på fridtidsaktivitetar for barn og ungdom som treng særleg støtte.

Link til organisasjonar og lag på internett under folkehelse portalen, er noko som må vurderast.

### **Tiltak som kommunen har per i dag:**

- Lensmannsløa: Lensmannsløa har eit ungdomstilbod for aldersgruppa 8.trinn og oppover. Tilboden er gratis, med spel, internett, matlagning, sy gjeng, mekkeklubb, film osv. Det er alltid 2 vaksne tilstade. Dette er første året dei har hatt ope, dei har hatt tilbod om billeg, god (heimelaga) mat. Ungar som ikkje har pengar, kan kome tidleg å vere med å lage maten, då får dei ein gratis porsjon som "løn". Dette året har dei fått til eit samarbeid med folkehelsa, som gir dei kr 10 000,- til å kjøpe inn matvarer for, og slik gi eit gratistilbod, evt superbilleg mat på klubbkveldane.
- Det er to som er tilsett i aktivitet stillingar for ungdom i Hå. Dei går ut i skular og nærmiljø. Dei håper på å få kontakt med ungdom på ein slik måte at det vert "trygt" å kome på fritidstilbod, og at dei kan vera vaksne dei kan få hjelp frå, i fritida.
- Student kafé driven av ungdom, for ungdom i alderen 15 – 25, startar opp ved skulestart hausten 2014. Dei vil halde fokus på trivsel og samhald, selge god heimelaga mat til ein svært billeg penge. Det ser og ut til at dei får til eit samarbeid med nokre av ungdomsskulane i Hå, og at dei og på denne måten kan trekka band mellom skule og fritid. Utanom klubb har dei enkelte arrangement for ungdom, til no har dei fått til eit gratisarrangement.
- Opplevelseskortet – Dette er eit prøve prosjekt i samarbeid med Klepp og Time og skal evaluerast sommaren 2014.

- Det er mogleg og søkje om redusert betaling i kulturskolen.
- Barneverntenesta har pr i dag 14 born dei gjev ulike typar stønad til grunna at dei bur i familiar med låg inntekt. Dette er tiltak som kjem i tillegg til andre hjelpetiltak i dei aktuelle familiene. Dei har ikkje sakar kor økonomisk stønad er det einaste tiltaket familien mottek.
- Røde kors på Nærø skal starte opp med Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp (RØFF). Dette er Røde Kors si satsing for ungdommar mellom 13 og 16 år. I tillegg har Rogaland røde kors Ferie for Alle - Ferie for Alle (FFA) er eit gratis ferietilbod til barn og barnefamiliar i vanskelege livssituasjonar.  
Barnas Røde Kors BARK - Barnas Røde Kors er et tilbod til alle barn i alderen 6-13 år. Med fokus på fysisk aktivitet, friluftsliv, førstehjelp og kunnskap om barn i andre kulturer, skal Barnas Røde Kors vere et tilbod til alle barn i alderen 6-13 år.

Tiltak andre kommunar (Gjesdal, Time / Klepp) har under dette punktet er:

1. *Opplevelseskort*
2. *Fritidsaktivitetskontigenter*
3. *Utsyrspool / utstyrsentral*
4. *Bra mat for bedre helse*
5. *Røykfrie sammen*

## Forslag til tiltak i Hå:

### Fritidsaktivitetskontingenter - Barn under 18 år av NAV brukere.

Målgruppe:	Barn under 18 år av NAV brukara
Forklaring og hensikt	<p>NAV ynskjer å sikre at barn har moglegheit til å delta på fritidsaktiviteter. Dette vert gjort ved at barn som bur i familiar som mottar sosialstønad, lenger en 26 veker, vil få tilbod om at NAV tar kostnadene for ein fritidsaktivitet per barn. Utlegg i forhold til kontingenter vil bli refundert ved framvising av kvittering, eller betalt direkte av NAV ved syna kvittering, eller betalt direkte av NAV ved å levere faktura til rettleiar. Maksbeløpet for eit barn er i løpet av eit år kr. 1500. Om barnet ynskjer å delta på ein aktivitet som kostar meir enn kr. 1500 vil maksimumsbeløpet verta utbetalte.</p> <p>Det vil vere rom for individuell vurdering når det verta naudsynt, i henhold til Lov om sosialtenester. I den individuelle vurderinga vil det verta teke omsyn til om det er naudsynt å støtte med utstyr.</p> <p>Hensikta med tiltaket er å sikre at barn og unge får delta på fritidsaktivitetar.</p>
Tidspunkt/ varighet	Kontinuerlig
Ansvarlig verksemd	NAV
Økonomi	Ca kr 15.000,- pr år

### Gi moglegheit for å delta på aktivitetskule / sommarskule

Målgruppe:	Barn under 18 år av NAV brukara.
Forklaring og hensikt	<p>NAV ynskjer at barn skal ha moglegheit til å søkje og delta på fritidsaktiviteter i skulen sin sommarferie. Dette gjeld barn som bur i familiar som tek imot sosialhjelp, lenger en 26 veker og for ein fritidsaktivitet per barn. Utlegg i forhold til å delta vil verta refundert ved syna kvittering, eller betalt direkte av NAV ved å levere faktura til rettleiar. Maksbeløpet for eit barn er kr.1500. Om barnet ynskjer å delta på ein aktivitet som kostar meir enn kr. 1500 vil maksimumsbeløpet verta utbetalte.</p> <p>Det vil vere rom for individuell vurdering når det verta naudsynt, i henhold til Lov om sosialtenester. I den individuelle vurderinga vil det verta teke omsyn til om det er naudsynt å støtte med utstyr.</p> <p>Hensikta med tiltaket er å gje barn og unge ei veke om sommaren med meiningsfull fritid i lag med andre barn /unge.</p>
Tidspunkt/varighet	Kontinuerlig
Ansvarlig verksemd	NAV
Økonomi	Ca kr 15.000,- pr år.

**Utstyrspool:**

Målgruppe:	Barn og unge frå familiar med låg inntekt.
Forklaring og hensikt	<p>Gratis utlån av utstyr. Til døme, ski, sko og sykler o.l.</p> <p>Hensikta med tiltaket er å sikre at barn og unge som ikkje har tilgang på utstyr kan ha ei aktiv fritid og ha moglegheit til å delta på ulike arrangement kor det vert krevd utstyr, til dømes skitur , sykkeltur med skulen.</p> <p>Organisering: Kommunen v/ folkehelsekoordinator inngår eit samarbeid med ein lokal sportsbutikk om utlån av utstyr. Barnehagar, skular, flyktningetjenesten, barnevern, psykisk helse, barnebolig, helsestasjon, omsorgsboliger og Nav, kan låne utstyr.</p> <p>Korleis låne utstyr gratis:</p> <p>Bestilling kun på e- post til butikken: skriv inn tenesteområdet/ avdeling og navn som referanse, samt utlåns dato- fra og til. Hå kommune ved tenesteområdet/ avdelingen er ansvarleg for å hente ut og levere inn utstyr som verte lånt.</p>
Tidspunkt/ varigheit	kontinuerlig
Ansvarlig verksemd	Frisklivssentralen v/ folkehelsekoordinator / Frivillighetssentralen / lokal sportsbutikk
Økonomi	Kommunen betaler leie av utstyr etter prisliste sjå sportsbutikken. Faktura sendes ved slutten av sesongen, ting som forsvinner må erstattes. Anslått 50.000 kr årleg.

**Vidareføring og utviding av opplevingskortet.**

Målgruppe:	Barn av foreldre som tek imot økonomisk /supplerande sosial stønad
Forklaring og hensikt	<p>Kortet gjev barn og unge gratis tilgang til kultur- og fritidsaktivitetar saman med ein venn eller ein føresett. Døme på aktivitetar er kino, museum, kommunale forstillingar, teater, fotballkamper, symjehall osv.</p> <p>Kortet er eit samarbeid mellom Klepp, Time og Hå kommune kor barn som tek imot kortet kan nytta tilbod i alle kommunane.</p> <p>Hensikta med tiltaket er å sikre at barn og unge får delta på viktige kulturarenaer.</p>
Tidspunkt/ varigheit	Kontinuerlig
Ansvarlig verksemd	NAV
Økonomi	Vert basert på at ulike instansar gjev gratis inngang, til dømes museum, symjehallar osb. Eit gitt tal klipp per aktivitet. Mindre beløp for og trykkje opp korta.

**3. Jobba for å hindra at barn vert sosialt ekskludert i barnehage og skule.**

Tilsette i skule og barnehage må vete kva støtteordningar kommunen allereie har, og som det går an å søkje på.

NAV og Barneverntenesta kan gi støtte til skuleutstyr, samt SFO plass. Det er også moglighet for å

søkja om redusert betaling i barnehage.

Skulen skal ha eit tilbod om leksehjelp og kommune får midlar frå staten til å dekkje to timer kvar vike. I Hå står skulane fritt til å organisere kring leksehjelp, og kva trinn dei vil tilby dette på. Tilboden blir gitt på barneskular.

Tiltak andre kommunar (Time /Klepp) har under dette punktet er:

1. *Nødvendig skoleutstyr*
2. *Jobbe for at alle elever skal ha mulighet til å delta på reiser knyttet til skoleavslutninger*
3. *Tilpasset opplæring*
4. *Utvidet leksehjelp – obligatorisk leksehjelp for elever i 5. – 7.klasse*

#### **Forslag til tiltak i Hå:**

##### **Naudsynt skoleutstyr.**

Målgruppe:	Barn og unge frå familiar med låg inntekt
Forklaring og hensikt	Tilsette i barnehage og skule skal gjennom individuelle samtaler med foreldre som har barn i målgruppa, informere om støtteordninger som kommunen tilbyr. Fokuset skal i hovudsak vere på barn i oppstartingsfasen i barnehage og overgangane frå barnehage - grunnskule og grunnskule – vidaregåande skule. Tilsette i barnehage og sosiallærarar skal ha kunnskap om støtteordningane og vere vare for denne problemstillinga i sitt daglige virke. Hensikta med tiltaket er å sikra at barn og unge får tilgang på naudsynt utstyr i forhold til skulegang. Dette for å unngå ekskludering, mobbing, samt dropput.
Tidspunkt og varighet	Kontinuerlig / ved behov
Ansvarlig verksemد	NAV
Økonomi	Ca kr 50.000,- pr år (avhengig av antall barn i målgruppa, rekna ca. kr 1000,- pr barn)

##### **Jobbe for at alle elever skal ha moglegheit til å delta på reiser knytt til skoleavslutningar**

Målgruppe:	Barn og unge i skulealder.
Forklaring og hensikt	Fellesmøte med FAU og skulen der det vert sett fokus på å finne gode løysningar for å sikra at alle barn får delta på avslutningsturar.
Tidspunkt/ varigheit	Kontinuerlig
Ansvarlig verksemد	Kommunalsjef oppvekst
Økonomi	Dugnad

#### **4. Kompetanseheving i kommunen.**

Kompetanseheving er naudsynt for å kunne jobbe mot barnefattigdom på en hensiktsmessig måte. Det bør difor setjast inn tiltak som omhandler samarbeid på tvers av kommunegrenser og instansar. Samt kompetansehevjande tiltak.

Tiltak andre kommunar (Time /Klepp) har under dette punket er:

1. *Samarbeidsmøter – kommunalt ansatte*
2. *Kompetanseøkning i NAV*
3. *Økt kunnskap om når man skal sende bekymringsmelding til Barneverntjenesten*
4. *Informasjon om barnefattigdom til lag og organisasjoner*
5. *Tettare samarbeid mellom NAV og barneverntjenesten*

### **Forslag til tiltak i Hå:**

#### **Kompetanseuke i NAV**

Målgruppe:	NAV tilsette
Forklaring og hensikt	NAV kontoret inviterer ulike personer med kunnskap om barn og unge til å ha innlegg på kontormøter. Hensikta er å auke kunnskapen og fokuset rundt barn og unge.
Tidspunkt/ varighet	Ved behov
Ansvarlig verksemd	NAV-leder
Økonomi	Ordinær drift

#### **Tettare samarbeid mellom NAV og barnevernstenesta**

Målgruppe:	Barn som er knytt til barnevernet.
Forklaring og hensikt	NAV og barnevernet skal ha eit tettare samarbeid. Barnevernet skal opprette kontakt seinast seks månader før barnet blir 18 år i saker kor kontakt med NAV er aktuelt. Hensikta med tiltaket er å sikre ein ryddig og betre overgang til vaksenlivet.
Tidspunkt/ varighet	Kontinuerlig
Ansvarlig verksemd	Leder NAV og barnevernssjef
Økonomi	Ordinær drift

#### **Informasjon om barnefattigdom til lag og organisasjoner**

Målgruppe:	Lag og organisasjoner.
Forklaring og hensikt	Informere om barnefattigdom på kommunens treffpunkter med lag og organisasjoner.  Hensikta er å auke kunnskapen om barnefattigdom, slik at lag og organisasjoner kan møta utfordringane knytt til barn og unge frå familiar med låg inntekt på ein god måte.
Tidspunkt og varighet	Faste møter/samlingar med frivillige lag og organisasjoner.
Ansvarlig verksemd	Tenesteeininga fritid i samarbeid med idrettsrådet
Økonomi	Ordinær drift

## **5. Trygg og sikker plass å bu for alle.**

I regionen vår har bustadprisane hatt ein drastisk auke dei siste åra. Mange opplever å ha ein ustabil bustadsituasjon. Å ha ein trygg og sikker plass å bu er ein føresetnad for god helse, utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet. Bustad er ein av dei fire pilarane i velferdsstaten, saman med helse, utdanning og inntekt.

Ansvaret til kommunen på bustadområdet inneber å gje hjelp til personar som sjølv ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden og bidra til at desse får ein trygg og sikker plass å bu. Forutan å skaffe til vege areal og tildeling/sal av bustadtomter, omfattar hjelpa bygging av bustader for sal og utleie, formidling av Husbankens lån- og tilskottsordningar og formidling av Husbankens bustønads ordning. I Hå er barnefamiliar ei prioritert gruppe ved tildeling av kommunale bustader.

### **Tiltak i Hå:**

«*Boligsosial handlingsplan*». Føremålet er å sikra tryggje og gode bustader til utsette grupper.

## **8. Anbefalte tiltak**

Alle tiltak som er merka med «ordinær drift» eller på annen måte er utan kostnad for kommunen, anbefalias gjennomført. Disse krev ikkje ytterligare midlar.

Av dei tiltaka som krev ei budsjettauke anbefalias følgjande:

<b>Tiltak</b>	<b>Årlig kostnad</b>
Fritidsaktivitetskontingenter - Barn under 18 år av NAV brukere.	15.000 kr
Gi moglegheit for å delta på aktivitetskule / sommarskule	15.000 kr
Naudsynt skuleutstyr.	50.000 kr
<b>SUM anbefalte tiltak</b>	<b>80.000 kr</b>

Dette må samordnast med andre behov i kommunen og vedtakast i økonomiplanen.

## Kjelder:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet. 2006. *Handlingsplan mot barnefattigdom. Vedlegg til St.prp. nr. 1 (2006-2007) – Statsbudsjettet 2007*. Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Backe-Hansen, Elisabeth. 2006. «Tiltak mot barnefattigdom.» I *Fattigdom blant barn, unge, og familier – et kunnskaps og erfaringshefte*. Barne- og likestillingsdepartementet, 20-21.

Nadim, Marjan og Roy A. Nilsen. 2009. *Barnefattigdom i Norge. Omfang, utvikling og geografiske variasjon*. FAFO.

FNs barnekomité. 2010. *Komiteen for barns rettigheter. Komiteens femtitredje sesjon 11.-29. januar 2010*. FNs komite for barns rettigheter.

Hagen, Kåre og Ivar Lødemel. 2003. «Fattigdom og sosial eksklusjon.» I *Det norske samfunn*, red. Ivar Førnes og Lise Kjølsrød, 210-234. Oslo: Gyldendal.

Halvorsen, Knut. 2011. «Teori, måling og omfang av barnefattigdom.» I *Barnefattigdom i et rikt land. Kunnskapsoppsummering om fattigdom og eksklusjon blant barn i Norge. Rapport på oppdrag av Arbeids- og velferdsdirektoratet*, red. Sissel Seim og Helge Larsen, 33-62. Oslo: HIO.

Halvorsen, Knut, Helge Lasen, Thomas Lorentzen, Mons Oppedal og Sissel Seim. 2011. «Fattigdom og sosial eksklusjon blant barn. Oppsummerende konklusjoner, behov for forskning og videre tiltak.» I *Barnefattigdom i et rikt land. Kunnskapsoppsummering om fattigdom og eksklusjon blant barn i Norge. Rapport på oppdrag av Arbeids- og velferdsdirektoratet*, red. Sissel Seim og Helge Larsen, 165-186. Oslo: HIO.

Herud, Eva og Sille Ohrem Naper. 2012. *Fattigdom og levekår i Norge – Status 2012*. Arbeids og velferdsdirektoratet.

Smith, Lucy. 2008. «FNs konvensjon om barnets rettigheter.» I *Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge*, red. Njål Høstmæling, Elin Saga Kjørholt og Kristen Sandberg, 15-17. Oslo: Universitetsforlaget.

Sosialdepartementet. 2002. *St.meld. nr. 6 (2002-2003). Tiltaksplan mot fattigdom*. Det kongelige sosialdepartement.

<http://www.ssb.no/>

Kommuneplan Hå – 2013 - 2028  
Økonomiplan Hå – 2014 - 2017

Relevante offentlege skriv:  
Stortingsmelding nr. 6 (2002-2003) Tiltaksplan mot fattigdom

Stortingsproposisjon nr. 46 (2004-2005) Ny arbeid sitt- og velferdsforvaltning

Stortingsproposisjon nr. 1 (2006-2007) – Statsbudsjettet.

Stortingsmelding nr. 9 (2006-2007) Arbeid, velferd og inkludering

Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007) Tidleg innsats for livslang læring

Stortingsmelding nr. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å jamne ut sosiale helseforskjellar